



Arkivnr: 2017/732-205

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		11.12.2018
Fylkestinget		11.12.2018

### Søknad om fritak frå verv som medlem av fylkesutvalet

#### Samandrag

Sigbjørn Framnes har søkt om fritak frå verv som fast medlem av fylkesutvalet, for resten av valperioden. Framnes er folkevald for Fremskrittspartiet (FrP). Han har fleire politiske verv i Hordaland fylkeskommune. Etter samtalar i ettermiddag, går det fram at søknaden og gjeld fritak frå verv som medlem i fylkesvalstyret, verv som varamedlem til valnemnda og verv varamedlem til partssamansette utval.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Sigbjørn Framnes får fritak frå vervet som medlem av fylkesutvalet, medlem til fylkesvalstyret, varamedlem til valnemnda og varamedlem til partssamansette utval i Hordaland fylkeskommune, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Sigbjørn Framnes skal få fritak frå vervet som medlem i fylkesutvalet, medlem til fylkesvalstyret, varamedlem til valnemnda og varamedlem til partssamansette utval, må det gjerast innstilling til nye val for resten av denne valperioden.

**Økonomi:** Midlar for møteverksemnda er innarbeid i budsjettet.

**Klima:** Inga effekt.

**Folkehelse:** Inga effekt.

**Regional planstrategi:** Inga effekt.

#### Forslag til innstilling

1. Sigbjørn Framnes får fritak frå vervet som medlem til fylkesutvalet, medlem til fylkesvalstyret, varamedlem til valnemnda, varamedlem til partssamansette utval, medlem til fellesnemnda og varamedlem til fellesnemnda sitt arbeidsutval, for resten av denne valperioden 2015-2019.
2. For resten av denne valperioden gjer fylkestinget slike val:
  - Medlem til fylkesutvalet:
  - Medlem til fylkesvalstyret
  - Medlem til fellesnemnda
  - Varamedlem til valnemnda
  - Varamedlem til partssamansette utval
  - Varamedlem til fellesnemnda sitt arbeidsutval

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 03.12.2018

Representanten Sigbjørn Framnes har i E-post av 30.11.2018 søkt om fritak fra vervet som medlem av fylkesutvalet, for resten av valperioden. Han skriv:

*«Gjennom valgperioden 2015-19 har FrPs fylkestingsgruppe gjennomført to større omrokkeringer som følge av Terje Søviknes har hatt permisjon som statsråd (fra des. 2016) og Silje Hjemdal har fått fritak som stortingsrepresentant (okt. 2017). Søviknes og Hjemdal har begge vært gruppeledere i perioden.*

*I forbindelse med omrokkeringen etter at Silje Hjemdal ble stortingsrepresentant høsten 2017 fattet FrPs fylkestingsgruppe et prinsippvedtak om at rangeringen fra den opprinnelige valglisten til fylkestingsvalget 2015 skal brukes ved innpassering av partiets representanter i utvalg.*

*Etter at Terje Søviknes kom tilbake til Hordaland fylkesting etter permisjonsperioden som statsråd tyder dette at Søviknes (1.kandidat i 2015) og Roald Steinseide (3.kandidat i 2015) skulle være FrPs to medlemmer i fylkesutvalget.*

*Steinseide ble imidlertid valgt inn i fylkesutvalget i Søviknes sin permisjonsperiode, og er dermed nå ikke lenger fast medlem i utvalget. Undertegnede derimot ble valgt inn i fylkesutvalget i forbindelse med Hjemdals fritak etter stortingsvalget sist høst, og er dermed p.t. fast medlem i utvalget.*

*Dette er utfordrende for gruppen og meg personlig, og jeg søker derfor fritak fra vervet som fast medlem i Fylkesutvalget for resten av valgperioden i medhold av Kommuneloven §15.2. Det er en klar belastning for meg å blokkere for gruppens enstemmige vedtak om å følge kandidatrangeringen fra fylkestingslisten 2015.*

*Siden endringen omtalt ovenfor ikke påvirker andre partigrupper eller kjønnsfordelingen i aktuelle utvalg anmoder jeg om at fritak blir innvilget og at endringer i utvalgssammensetningen kan gjøres for resten av perioden i tråd med vedlagte innstilling fra FrPs gruppe. Til orientering kan jeg nevne at det er en enstemmig FrP-gruppe som står bak denne innstillingen.»*

Sigbjørn Framnes søker om fritak fra vervet som medlem til fylkesvalstyret, vervet som varamedlem til valnemnda og vervet som varamedlem til partssamansette utval.

Sigbjørn Framnes har følgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Medlem til fylkestinget  
Medlem til fylkesutvalet  
Medlem til fellesnemnda  
Medlem fylkesvalstyret  
Varamedlem i utval for miljø og samferdsel  
Varamedlem i administrasjonsutvalet  
Varamedlem i valnemnda  
Varamedlem fellesnemnda-AU  
Varamedlem partssamansette utval  
Varamedlem Vestnorsk Filmsenter AS, styret  
Varamedlem, KS-organ, fylkesmøtet.  
Varamedlem, Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU)  
Varamedlem, Vestlandsrådet  
Varamedlem, Bergen Bompengeselskap AS, styret  
Varamedlem, Bybanen AS, styret  
Varamedlem, Høgskolen Stord/Haugesund, styret  
Varamedlem Sunnhordland Kraftlag AS, styret  
Representant til årsmøtekonferansen for samarbeidende kraftfylke

Medlem til Sparebanken Vest, representantskapet  
Medlem til Skatteutvalet

Som ovanfor nemnt er Sigbjørn Framnes medlem i fellesnemnda. Medlemmane i fellesnemnda er sett saman av medlemmane av fylkesutvala i dei to fylka, Hordaland og Sogn og Fjordane. Sigbjørn Framnes er og varamedlem til fellesnemnda sitt arbeidsutval. Tilsvarande gjeld for dette utvalet.

#### **Rettsleg grunnlag:**

1.) Fritak frå teneste i verv på grunnlag av søknad er regulert i kommunelova § 15 nr. 2 som lyder:

*«2. Kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for et kortere tidsrom eller resten av valgperioden, den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sin plikter i vervet.»*

Om korleis denne regelen er å forstå, går det fram i kommentarene til kommunelova (Overå/Bernt, Kommuneloven med kommentarer):

«Fritak er betinget av at vedkommande «ikke uten uforholdsmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vervet». Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsegrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vervet medfører. Avgjørelsen må nødvendigvis bli temmelig skjønnsmessig. Forhold som politisk motgang, endret politisk oppfatning eller utilfredshet med organets arbeid vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak. Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem, Jf. NOU 1990: 13 s. 185 hvor det blant annet uttales:

«Utvalget vil vise til at det kan være usikkert hvor langt begrepet «uforholdsmessig vanskelighet» rekker og foreslår derfor formuleringen ».....den som ikke uten uforholdsmessig vanskelighet **eller belastning...**» for å klargjøre at det også kan være andre forhold enn de som er nevnt overfor som kan gjøre det svært vanskelig for en representant å fortsette i vervet, og hvor det derfor kan være rimelig å frita vedkommende.»

2.) Opprykk og nyvalg er regulert i kommunelova § 16 som lyder:

*«1. Har medlemmet forfall til et møte i et folkevalgt organ, innkalles varamedlemmet såvidt mulig i nummerorden de er valgt. Varamedlemmer innkalles fra den gruppe hvor det er forfall.*

*2. Hvis medlemmet av kommunestyret eller fylkestinget trer endelig ut eller får varig forfall, trer varamedlemmer fra vedkommende gruppe inn i deres sted i den nummerorden de er valgt hvis organet er valgt ved forholdsvalg. Et kommunestyre valgt ved flertallsvalg, trer varamedlemmet inn i den nummerorden de er valgt.*

*3. Dersom et medlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre og fylkesting, kommunestyrekomite` og fylkestingskomite`trer endelig ut, velges nytt medlem, selv om det er valgt varamedlem. Organet skal suppleres fra den samme gruppen som den utredende tilhørte. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet, skal det så langt det er mulig velges nytt medlem fra det underrepresenterte kjønn.*

*4. Trer lederen av et folkevalgt organ endelig ut av organet, skal det velges en ny leder.*

*5. Er antallet varamedlemmer eller en gruppens varamedlemmer til formannskapet, fylkesutvalget eller et annet folkevalgt organ valgt av kommunestyret eller fylkestinget blitt utilstrekkelig, kan kommunestyret eller fylkestinget selv velge ett eller flere faste eller midlertidige varamedlemmer. Suppleringsvalg skal skje fra den gruppen som har et utilstrekkelig antall varamedlemmer. Viser det seg at denne fremgangsmåten fører til at et kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av varamedlemmene til organet eller gruppens varamedlemmer, skal det så langt det er mulig velges nytt varamedlem fra det underrepresenterte kjønn. Myndigheten til å foreta suppleringsvalg til andre organer enn formannskapet eller fylkesutvalget kan delegeres til formannskapet eller fylkesutvalet.*

*6. Ved suppleringsvalg etter nr. 3 og nr. 5 kan vedkommende gruppe selv utpeke den som skal rykke inn på den ledige plassen. Gruppen underetter deretter kommunestyret eller fylkestinget, som velger vedkommende dersom de lovbestemte vilkår er oppfylt. Tilsvarande gjelder ved suppleringsvalg i henhold til nr. 5 siste punktum.»*

3.) Avtalevalg er regulert i kommunelova § 38 a. Her går det fram at:

- «1. Kommunestyret eller fylkestinget kan selv enstemmig vedta at valg til folkevalgte organer skal foregå som avtalevalg etter denne paragrafen.*
- 2. Valget skal gjennomføres på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Innstillingen skal inneholde et antall navn som tilsvarer antall medlemmer i organet med angivelse av den gruppe medlemmet representerer. I tillegg kan innstillingen inneholde et antall varamedlemmer for hver gruppe som tilsvarer antall medlemmer gruppen skal ha, med tillegg av to. Innstillingen vedtas enstemmig av kommunestyret og fylkestinget.*
- 3. Kravene til kjønnsbalanse gjelder tilsvarende. Viser det seg at et kjønn vil få færre medlemmer enn det som følger av første punktum, skal kandidaten fra det underepresenterte kjønn settes inn i det omfang som er nødvendig for å oppnåslig balanse. Ved valg til folkevalgte organer som etter lov bare består av medlemmer av kommunestyre eller fylkesting, og ved valg til arbeidsutvalg for folkevalgte organer, skal disse regler følges så langt det er mulig.»*

#### Vurdering:

Det går fram av kommunelova § 15 nr. 2 at kommunestyret og fylkestinget kan etter søknad frita, for eit kortare tidsrom eller for resten av valperioden, den som ikkje uten uforholdmessig vanskelighet eller belastning kan skjøtte sine plikter i vernet. Problemstillinga her er om Sigbjørn Framnes kan skjøtte sine pliktar som medlem til fylkesutvalet, medlem til fylkesvalstyret, varamedlem til valnemnda og varamedlem til partssamansette utval utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det går fram av både kommunelova og kommentarane til kommunelova, at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. I kommentarane til kommunelova vert det og vist til at «*Fritaksgrunn vil i første rekke være at søkerens arbeidsforhold, dårlig helse eller andre velferdsgrunner gjør det ekstra byrdefullt å oppfylle de plikter vernet medfører.*»

Sigbjørn Framnes skriv i sin søknad at etter at Terje Søviknes kom tilbake til Hordaland fylkesting etter perioden som statsråd, vart det bestemt i FrP si fylkestingsgruppe at Søviknes og Stenseide skulle vere dei to FrP-medlemmane i fylkesutvalet. Det vart fatta eit prinsippvedtak om kandidatrangering. Rangeringa frå den opprinnelige vallista til fylkestingsvalet 2015 skulle følgjast. Stenseide vart imidlertid vald inn i fylkesutvalet i Søviknes sin permisjonsperiode, og er difor ikkje lenger fast medlem i fylkesutvalet. Framnes er fast medlem i fylkesutvalet etter at Silje Hjemdal fekk fritak. Framnes skriv at dette er utfordrande for Fremskrittpartiet si gruppe og for han personleg, og han søker av den grunn fritak frå dette vernet. Han seier det er ein klar belastning for han å blokkera partigruppa sitt samrøystes vedtak om å følge kandidatrangeringa frå fykestingslista 2015. Framnes skriv at sidan endringa ikkje vil påverke andre partigrupper eller kjønnsfordelinga i aktuelle utval, ber han om at fritak vert innvilga for resten av valperioden. Til sist vert det nemnt at det er ei samrøystes FrP-gruppe som står bak denne innstillinga.

Som ovanfor nemnt, går det fram av både kommunelova og juridisk teori at det skal mykje til for at ein representant skal få fritak frå eit politisk verv. «*Forhold som politisk motgang, endra politisk oppfatning vil imidlertid etter tradisjonell lære som utgangspunkt ikke kunne kvalifisere til fritak.*» Det går deretter fram av juridisk teori at: «*Men etter at man i loven nå også har tatt inn ordet «belastning» som alternativ til «vanskelighet», kan man ikke helt utelukke slike forhold som fritaksgrunn i situasjoner hvor de har ført til helsemessige eller sosiale belastninger for et medlem.*» Det går fram av søknaden at Framnes opplever situasjonen som utfordrande både for gruppa si og for han sjølv. Han finn at det er ein klar belastning for han å blokkere for gruppa sitt vedtak om å følge kandidatrangeringa. Slik Fylkesrådmannen vurderer det, finn ein at Sigbjørn Framnes ikkje kan skjøtte sine pliktar i verva som medlem til fylkesutvalet, medlem til fylkesvalstyret og varamedlem til valnemnda utan uforholdsmessige vanskelegheitar eller belastningar. Det vert vanskeleg for han å følge opp vernet i fylkesutvalet på ein god måte, når han etter eiga syn går på tvers av partigruppa sitt ønskje. Tilsvarende må og gjelde for vernet som medlem til fylkesvalstyret, varamedlem til valnemnda og varamedlem til partssamansette utval. Dette er fire omfattande verv. Noko som skapar vanskar for Framnes og er ein belastning for han. Fylkesrådmannen finn at vilkåra i kommunelova § 15-2 er oppfylt. Fylkesrådmannen rår til at det vert gjeve fritak og føreteke suppleringsval.

Dersom Framnes får fritak frå vernet som medlem av fylkesutvalet, medlem til fylkesvalstyret, varamedlem til valnemnda og varamedlem til partssamansette utval, skal det føretakast nye val for resten av valperioden 2015-2019. Kommunelova § 16 nr. 3 Jfr. Nr. 6 regulerer dette forholdet.

I Hordaland fylkeskommune har en avtaleval, Jfr. Kommunelova § 38 a. Ifølgje kommunelova § 38 a nr. 2 vert valet gjennomført på grunnlag av innstilling med forslag til medlemmer og varamedlemmer til organet. Krava til kjønnsbalanse i § 36 nr. 2 gjeld tilsvarende.

Sigbjørn Framnes er medlem av fellesnemnda. Medlemmane av fellesnemnda består av medlemmane i fylkesutvala i dei to fylka. Dersom Sigbjørn Framnes får fritak frå vervet som medlem i fylkesutvalet, vil han som ein følgje av dette få fritak frå vervet som medlem i fellesnemnda og for fellesnemnda sitt arbeidsutval.